

**Statens vegvesen**

Magne Jostein Strømsnes  
Askvegen 183  
5307 ASK

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Kimmo André Pakkala / 48228282	Vår referanse: Doknr	Dykkar referanse:	Vår dato: 18.04.2017
------------------------------------	---	-------------------------	-------------------	-------------------------

**Førehandsvarsel om ekspropriasjonsvedtak**  
– gnr. 4 bnr. 1 i Askøy kommune  
– Fv. 563, Askøypakken, Strømsnes – Hop Fv. 563

Reguleringsplanen Fv 563 Strømsnes–Hop i Askøy som blei godkjend den 08.03.2012, inneber at du må avstå grunn fra eigedommen din til Statens vegvesen. Vegvesenet har forhandla med deg om ein avtale om avståinga, men vi har ikkje komme til semje.

Dette brevet er eit førehandsvarsel om at Statens vegvesen derfor kjem til å gjere vedtak om ekspropriasjon. Det gjer vi for å sikre at anleggsarbeida som rører ved eigedommen din, kan starte til planlagd tid. Vegvesenet har rett til å gjere dette etter veglova § 50 og dei tilhøyrande forskriftene.

### Kva inneber eit vedtak om ekspropriasjon?

Ekspropriasjon er eit tvangserverv. Det vil seie at du må gi frå deg eigedom utan at du godtek det frivillig. Statens vegvesen tek då over det som trengst av grunn og tilhøyrande rettar for å få gjennomført vegtiltaket. Du har krav på erstatning for grunnen du avstår. Denne erstatninga blir fastsett ved rettsleg skjønn (ekspropriasjonsskjønn).

Vi gjer merksam på at når du har motteke dette varselet, kan du ikkje gjere noko med eller på eigedommen som kan hindre, skape problem for eller fordyre det aktuelle inngrepet. Gjer du det, kan det få konsekvensar for erstatninga (jf. oreigningslova § 28). Ta kontakt med oss dersom du har spørsmål i samband med dette.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

## Kva kan du gjere no?

Du kan gi uttrykk for eventuelle innvendingar mot at Statens vegvesen skal gjere eit vedtak om ekspropriasjon. Det gjer du skriftleg per brev eller e-post til oss innan 3 veker etter at du har motteke dette brevet.

Vi gjer merksam på at slike skriftlege innvendingar berre kan rette seg mot vedtaket om å ekspropriere grunn og rettar for å få gjennomført vegtiltaket. Innvendingane kan gjelde måten grunnervvssaka er behandla på, for eksempel forhandlingane som er førte med deg, eller lovbruken vedtaket byggjer på. Det fysiske inngrepet, det vil seie traseval, vegbreidd, avkøyrslar og støyskjerming med vidare, er fastlagt i reguleringsplanen.

Vi nemner også at sjølv om Statens vegvesen no startar prosessen med ekspropriasjon, er vi framleis opne for å få til ein avtale med deg. Ta kontakt dersom du ønskjer å få til ein avtale.

## Du har krav på å få dekt nødvendige utgifter

Du har krav på å få dekt nødvendige utgifter til sakkyndig bistand under ekspropriasjonsprosessen. Det gjeld både i samband med vedtaket om ekspropriasjon og ei eventuell klagebehandling (jf. oreigningslova § 15) og i samband med ekspropriasjonsskjønnet (jf. skjønnsprosesslova § 54).

Vi vil presisere at du berre kan krevje å få dekt nødvendige utgifter (jf. skjønnsprosesslova § 54). Generelt inneber det at grunneigarane må samle seg om så få advokatar/sakkyndige som nødvendig for å ta vare på sine interesser. Kva som er nødvendig i denne konkrete saka, blir i siste instans avgjort av retten i samband med ekspropriasjonsskjønnet. Statens vegvesen vil tidleg i prosessen gi uttrykk for sitt syn på spørsmålet om talet på advokatar/sakkyndige.

Det er du sjølv som avgjer om du har behov for sakkyndig bistand, og kva type bistand du har behov for. Mest aktuelt er advokatbistand, men også bistand frå sakkyndige på spesielle område kan vere aktuelt (landbruk, bygningar og liknande). Det er du som må ta initiativet til å engasjere slik bistand.

## Ta gjerne kontakt med oss

Dersom du har spørsmål eller noko er uklart, kan du ta direkte kontakt med saksbehandlar Kimmo Andre Pakkala på telefon 48228282 eller e-post [kimmo.andre.pakkala@vegvesen.no](mailto:kimmo.andre.pakkala@vegvesen.no)

Eigedomsseksjonen  
Med helsing

Kimmo André Pakkala  
Grunnervar